

STRYN KOMMUNE
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 10/01938-82	10.09.2019
	Ark.: 326.12	

Oppstart av namnesak 2019/297 - Kyrkjeide/Kirkeeide mfl. - Stryn kommune

I samband med adressering i Stryn kommune har kommunen reist namnesak for nokre stadnamn for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk. Kartverket nyttar samstundes høve til å ta nokre fleire namn med i saka som treng formalisering for offentleg bruk eller avklaring av skrivemåten. Me sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Etter forskrift om stadnamn § 8 siste ledd er det i tillegg til primærnamnet reist sak på avleidde namneformer

Det går fram av den vedlagde lista kva for namn som er med i saka.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen og kan søkjast opp i www.seeiendom.kartverket.no (søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen).

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigargar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva for nokre bruk dette gjeld. **Der namna ligg heilt eller delvis i Hornindal, bed me Hornindal kommune kunngjera saka for lokale høyringspartar.**

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namnet på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 5 tredje ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon.

www.kartverket.no

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 stadnamnlova er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera rettleiande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd. Kommunen må difor setja på vent ev. pågåande saker om adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, fram til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å innhenta og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta i Språkrådet, Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Øystein Jåstad

sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET
 Sogn og Fjordane fylkeskommune
 HORNINDAL KOMMUNE